



Alkoholpolitisk handlingsplan for Hornindal kommune 2008-2012

INNHALD

1.	Innleiing	s. 3
2.	Grunnlaget for rusmiddelpolitikken	s. 3
2.1	Lovgrunnlaget	s. 3
2.2	Styrande dokument	s. 4
3.	Rusmiddelsituasjonen	s. 4
3.1	Rusmiddelsituasjonen i landet	s. 4
3.2	Rusmiddelsituasjonen lokalt	s. 8
3.3	Oversikt over sals- og skjenkeløyve	s. 9
4.	Målsetjingar for Hornindal kommune sin rusmiddelpolitikk	s. 10
5.	Strategi og tiltak for å nå måla	s. 10
5.1	Strategi	s. 10
5.2	Tiltak	s. 11
5.2.1	Informasjon og haldningstiltak	s. 11
5.2.2	Alkoholfrie miljøtiltak	s. 11
5.2.3	Andre tiltak	s. 11
5.2.4	Førebygging	s. 11
6.	Løyvepolitikken	s. 12
7.	Økonomi	s. 12
8.	Rullering av planen	s. 12

Vedlegg:

Vedlegg 1:	Definisjonar av alkoholhaldig drikk	s. 13
Vedlegg 2:	Skjenkeløyvekombinasjonar	s. 14
Vedlegg 3:	Forskrifter for tildeling av sals- og skjenkeløyve i Hornindal kommune	s. 15
Vedlegg 4:	Forskrifter for kontroll av sals- og skjenkeløyve i Hornindal kommune	s. 19
Vedlegg 5:	Forskrifter for reaksjonar ved overtreding av alkohollova sine reglar m.m.	s. 21

Litteraturliste:

Hornindal kommune:	Alkoholpolitisk handlingsplan vedteken i K-sak 00/010
Rusmiddeldirektoratet:	Rusmidler i Norge – statistikk 2007
Sosial- og helsedir.:	Veileder for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan
Sosial- og helsedir.:	Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v., Rundskriv I-6/98
Arbeids- og inkl.dep:	Handlingsplan mot rusmisbruk 2006-2008

1. INNLEIING

Dette er ein revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan vedteken av kommunestyret i K-sak 00/010 og rullert i K-sak 04/044.

I Alkohollova §1-7d og merknader til lova §1-7d er kommunen pålagd å utarbeide alkoholpolitisk handlingsplan som gjeld for kommunestyreperioden.

Kommunalt sals- og skjenkeløyve kan gjevast for inntil 4 år om gongen, og går ut seinast 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette for at det nye kommunestyret skal få tid til å handsame rullering av planen før nye løyve vert tildelt eller eksisterande løyve vert fornya.

Dersom det ikkje er gjort vedtak om fornying av eit eksisterande løyve før løyveperioden går ut, er løyvet fortsatt gyldig inntil utgangen av den månaden det blir gjort vedtak om fornying, likevel ikkje ut over 3 månader frå den nye løyveperioden tek til, dvs. ikkje seinare enn 30. september.

2. GRUNNLAGET FOR RUSMIDDELPOLITIKKEN

2.1 Lovgrunnlaget

I lov av 16. mai 1997 vart det vedteke omfattande endringar av alkohollova av 2. juni 1989. Lova med dei siste endringane er gjort gjeldande frå 16.02.2007.

Regulering av innførsel og omsetning av alkoholhaldig drikk har som mål å begrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere. Ut frå dette siktar lova på å begrense forbruket av alkoholhaldig drikkevare.

Forskning viser at kommunen sin bevillgning og kontrollmynde er blant dei mest effektive virkemidla vi har for å redusere alkoholbruk og alkoholrelaterte skader.

Lov om sosiale tenester stiller krav om generell førebyggjande verksemd frå sosialtenesta si side, ved å gjere seg kjende med levekåra i kommunen. Ein skal vere særleg merksame på utviklingstrekk som er med å oppretthalde sosiale problem og søkje å førebyggje dei.

Gjennom informasjon og oppsøkjande verksemd skal sosialtenesta arbeide for å førebyggje og motverke misbruk av alkohol og andre rusmiddel, og spreie kunnskap om skadeverknader.

Sosialtenesta er pålagd kurativ verksemd overfor rusmisbrukarar og hjelp til pårørande.

Lov om barneverntenester har som føremål å bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår. Å begrense bruk av rusmiddel i heimane er eit viktig tiltak her.

Lov om kommunehelsetenesta pålegg kommunen å fremje folkehelsa, førebyggje sjukdom og skade og syte for kurativ behandling for dei som treng det.

2.2 Styrande dokument

Regjeringa sin rusmiddelpolitikk er forankra i Handlingsplan mot rusmiddelproblem 2006-2008 og omfattar både alkohol og narkotika. Hovedmålet er ein betydeleg reduksjon i dei sosiale og helsemessige skadene av rusmiddelmisbruk.

Strategiske mål for å nå dette er å førebyggje alle typer rusmiddelmisbruk med særleg fokus på arbeid blant barn og ungdom. Ein skal betre tilgangen på effektiv rådgjeving, hjelp og behandling for personar med rusproblem og deira pårørande. Ein skal oppnå ein vesentleg reduksjon i forekomsten av rusrelaterte helseskader og rusrelaterte dødsfall.

3. RUSMIDDELSITUASJONEN

3.1 Rusmiddelsituasjonen i landet

Statistikkar frå rusmiddeldirektoratet viser utviklinga av rusmiddelbruken i landet. Tala nedanfor er henta frå "Rusmidler i Norge – statistikk 2007 og rapportar for omsetninga av alkohol i Hornindal for åra 2000-2007.

Alkohol:

Det vert rekna med at 90 % av den vaksne delen av befolkninga nyttar alkohol.

Tala nedanfor viser registrert omsetnad av alkohol. Det uregistrerte forbruket i form av heimeprodusert alkohol, turistimport og smuglarvare er ikkje med. Omsetningstala inkluderer lettøl.

Tabell 1 viser årleg omsetnad av alkohol i Norge pr. innbyggjar 15 år og over, og i liter rein alkohol og endringsprosent i omsetnad 1996-2006.

År	Omsetnad	% endring (reduksjon)			
1996	5,04	0			
1997	5,28	4,76			
1998	-				
1999	5,45	3,22			
2000	5,66	3,85			
2001	5,49	-3,00			
2002	5,89	7,28			
2003	6,03	2,37			
2004	6,22	3,15			
2005	6,37	2,41			
2006	6,46	1,41			

Det er verdt å merke seg at omsetninga i 2006 er den høgste sidan 1980. Det har vore ein kontinuerleg auke sidan 1993, med unntak av 2001.

Tabell 2 viser årleg omsetnad av rein alkohol i Norge i liter fordelt på type alkoholhaldig drikk pr. innbyggjar 15 år og eldre 2000 – 2006:

År	Total	Brennevin	Vin	Øl	Fruktdrikk
2000	5,66	1,05	1,62	2,93	0,07
2001	5,49	1,00	1,60	2,82	0,07
2002	5,89	1,12	1,81	2,89	0,07
2003	6,03	1,22	1,84	2,76	0,22
2004	6,22	1,25	1,90	2,96	0,11
2005	6,37	1,28	2,00	2,98	0,11
2006	6,46	1,30	2,05	3,01	0,11

Tabellen viser at det vesentlegaste av auken kjem frå vinkomsumet . Målet er å snu drikkemønsteret i denne retninga – mot svakare typar drikke. Tendensen er at alkoholbruken har gått opp for alle alkoholtypene.

Ein bør også merke seg at tilgangen på alkohol har blitt lettare.

Tabell 3 viser talet på salsstader for alkohol fordelt på bevillingskombinasjon og talet på vinmonopolutsal 2000– 2006 i Norge:

År	Salsstader alkohol	Vinmonopolutsal
2000	4554	140
2001	4586	156
2002	4512	176
2003	4487	188
2004	4556	195
2005	4512	198
2006	4492	211

Tal på vinmonopolutsal har auka frå 3 i 1995 i Sogn og Fjordane til 8 i 2006.

Tabell 4 viser dødsfall som skuldast alkohol fordelt på alder og kjønn 2003-2005:

	Menn	Kvinner	Totalt
2003	319	103	422
2004	351	90	441
2005	269	78	347

Dødsfall i tabellen over utgjer ein mindre del av alle dødsfall som heilt eller delvis skuldast alkohol. Dødsårsakene som omfattast av denne tabellen er i all hovudsak knytt til eit langvarig og høgt alkoholinntak.

Tabell 5 viser tal reaksjonar på køyring under påverknad av alkohol og/eller andre rusmiddel, og som prosent av alle vegtrafikkovertrødingar:

År	Vegtrafikk- overtrødingar	Promille- køyring	Prosent
2000	156795	3901	2,5
2001	175558	4821	2,7
2002	154458	4162	2,7
2003	200307	4559	2,3
2004	240035	4048	1,7
2005	249117	4915	2,0
2006	278899	4369	1,6

Etter samanhengande nedgang sidan 1985, synte tendensen dessverre ei negativ utvikling frå 2000 til 2006.

Tabell 6 viser tal reaksjonar på ordensforstyrrelse i rusa tilstand:

År	Sogn og Fjordane	Heile landet
2000	87	2864
2001	64	3094
2002	64	3001
2003	87	3232
2004	89	3369
2005	65	3599

Dei fleste reaksjoner i tabellen over gjeld ordensforstyrrelse i berusa tilstand, men annan forseelse mot lov om løsgjengeri, betleri og drukkenskap kjem òg inn i statistikken.

Tabell 7 viser prosent av ungdom i Norge som har drukke alkohol nokon gong fordelt på kjønn og alder:

År	Gutar	Jenter	15-16	17-18	19-20	Alle
1986	86	84	73	88	93	85
1999	80	84	71	86	93	82
2004	78	81	66	84	95	80
2005	80	86	68	87	96	83
2006	74	82	60	85	95	78
2007	75	80	61	86	94	78

Ein forskningsrapport på "ruskarriera" til ei større gruppe tenåringar har følgjande konklusjon: "Alderen for alkoholdebut har stor betydning for framtidig alkoholforbruk og utvikling av alkoholrelaterte problem. Ei 10 % utsetjing av debutalderen vil kunne føre til 35 % reduksjon i seinare alkoholforbruk". (Willy Pedersen og Anders Skrodal).

Talet ungdom 20 år eller yngre som har brukt alkohol syner jamn nedgang i perioden 1986 – 2007. Trass i ein lavere andel som drikk alkohol, har det berekna gjennomsnittlege forbruket gått betydeleg opp dei siste åra. Auken har vore noko større for jenter enn for gutar. Det er blant dei aller yngste at den prosentvise auken i gjennomsnittleg konsum har vore størst. Gjennomsnittsalderen for alkoholdebuten har vore uforandra dei siste åra, rundt 15 år.

Narkotika:

Tabell 8 viser prosent ungdom i Norge i alderen 15 – 20 år som seier dei nokon gong har brukt ulike stoff:

År	Cannab.	Sniffing	Amfet. o.l.	Kokain "crack"	LSD	Ecstasy	Heroin o.l.	Tatt m/sprøyte	GHB
2002	14,8	5,4	3,4	1,5	0,8	2,7	0,4	0,7	0,6
2003	17,0	4,9	4,6	3,2	0,8	3,2	0,9	0,8	0,8
2004	13,4	6,4	3,5	1,8	0,6	1,9	0,8	0,6	0,6
2005	15,0	5,5	4,1	2,4	1,1	2,0	0,9	1,0	1,0
2006	13,1	5,6	3,1	2,2	0,7	1,7	0,6	0,4	0,8
2007	11,0	5,5	3,2	2,4	0,6	1,8	0,6	0,6	0,6

For heile landet viser statistikk at andelen som oppgjev å ha brukt cannabis auka tydeleg frå 1990 til 2000, men sidan årtusenskiftet har andelen gått ned.

Tabell 9 viser dødsfall som skuldast bruk av narkotika iflg KRIPOS:

År	Tal
2000	327
2001	338
2002	210
2003	172
2004	223
2005	184
2006	195

Statistikk og forskning viser at ein må ta på alvor å førebyggje bruk av rusmiddel. Rusmiddelbruk fører med seg store helsemessige vanskar, det skaper sosiale problem for den enkelte, familien, arbeidsplassen og for samfunnet i heilskap.

Det er påvist samanheng mellom bruk av rusmiddel og trafikkulukker, vold, fare for å verte utsett for vold, sjølv mord m.v.

Skader og problem finn ein att på sjukehusa, i helse- og sosialtenesta og i barnevernet.

3.2 Rusmiddelsitiasjonen lokalt

Lokal statistikk er no utarbeidd for åra 2000 - 2007.

Denne statistikken syner sal og skjenking av øl, lettvin, rusbrus, vin og brennevin frå 3 daglegvareforretningar og 3 skjenkestader (4 skjenkestader deler av perioden). Det er ikkje råd å lese forbruket til ungdom i kommunen ut frå statistikken.

Ein har sett opp statistikk over omsetning ved dei to næraste vinmonopolutsala til kommunen.

Tabell 10 syner omsetninga av øl, lettvin og rusbrus i daglegvarehandelen i Hornindal 2000 – 2007:

	Øl kl. d	Lettvin	Rusbrus
2000	54 779		
2001	44706		
2002	48379		
2003	59837	1 128	1 214
2004	33 446	665	177
2005	46 021	877	569
2006	52 050	132	
2007	47 105		

Tabell 11 syner tal liter utskjenka øl, vin og brennevin frå dei 3 skjenkestadane i Hornindal 2000 – 2007;

	Øl	Vin	Brennevin *
2000	7110	856	176
2001	7 492	939	176
2002	8234	799	208
2003	6991	732	120
2004	6862	969	154
2005	4590	453	160
2006	5103	814	99
2007	5313	670	114

* : Det er berre eitt brennevinsløyve i kommunen

Tabell 12 syner samla omsetnad ved Vinmonopolet sine butikkar i Stryn og på Nordfjordeid.

Samla omsetnad ved vinmonopola i Stryn og Nordfjordeid							
År	Omsetning i 1000 kr	Totalt	Brennevin	Sterkvin	Svakvin	Øl	Alkohol fritt
2003	38.628	229.680	60.065	3.453	159.381	6.456	324
2004	39.795	226.907	56.800	3.457	161.082	5.207	362
2005	42.950	243.359	59.737	3.148	175.038	5.093	344
2006	42.723	238.612	58.367	3.065	172.861	3.980	338
2007	43.598	238.369	57.662	2.768	173.431	4.124	384

Av statistikken ser ein at det har vore jamn nedgong i sal av alkohol i kommunen heile perioden, medan ein for Vinmonopolet ser ein kraftig auke i sal av svakvin men nedgong i dei fleste andre alkoholtypar.

Ein vil tru at drikkemønsteret blant ungdom i Hornindal ikkje skil seg vesentleg ut frå drikkemønsteret i omliggande kommunar. Når det gjeld narkotika, er det ikkje noko kjent miljø i Hornindal, men ein ser ikkje bort frå at det er sporadisk bruk av narkotiske stoff.

Sidan det er alkoholbruk som fører til dei største helsemessige og sosiale problema i Hornindal, vil det verte lagt meir vekt på alkohol enn narkotika i planen.

3.2 Oversikt over sals- og skjenkeløyve i Hornindal for perioden fram til 30.06.12

Salsløyve for øl i klasse c og d: Coop Hornindal
Grodås Lavpris

Skjenkeløyve: Grodås Kro øl og vin
Loftet Pub og Bistro øl og vin
Raftevolds Hotell øl, vin og brennevin
M/B Dølen øl og vin
Løyvet er avgrensa til perioden 1.mai – 30 september for M/B Dølen.

Tre ambulerande løyve for øl, vin og brennevin.

Alle sals- og skjenkestader skal gje opp tal liter omsett vare som skal danne grunnlag for fastsetjing av avgiftene. Ingen av dei lokale aktørane har større omsetnad enn at dei betalar minsteavgifta.

4. MÅLSETJINGAR FOR HORNINDAL KOMMUNE SIN RUSMIDDELPOLITIKK

- Medverke til at intensjonane i alkohollova vert fylgde
- Bevisstgjere innbyggjarane om konsekvensar og skadeverknader av alkoholmisbruk og bruk av andre rusmiddel
- Vere eit verktøy til å skape debatt om rusproblematikk
- Forebyggje alkoholbruk og misbruk blant barn, unge og vaksne
- Hindre narkotikabruk i Hornindal
- Medverke til at alkohol vert omsett på ein forsvarleg og lovleg måte, redusere helsemessige skader og sosiale vanskar gjennom redusert alkoholforbruk.

5. STRATEGI OG TILTAK FOR Å NÅ MÅLA

5.1 Strategi

- Redusere alkoholbruken gjennom aktivt haldningsskapande arbeid og informasjon
- Søke å heve debutalderen for bruk av alkohol
- Skape forståing for at vaksne sine haldningar og brukarmønster påverkar dei unge
- Skape innsikt og forståing for skadeverknadene av alkoholbruk og andre rusmiddel
- Lære ungdomen å meistre ulike livssituasjonar utan bruk av rusmiddel
- Arbeide for å dreie forbruket meir i retning av alkoholsvake drikkevarer
- Regulere tilgangen på alkohol gjennom løyvepolitikken, og medverke til at løyvehavarane optrer ansvarleg
- Samordne førebyggjande tiltak på rusmiddelområdet
- Avdekkje misbruk så tidleg som mogeleg og utvikle samordna og forpliktande hjelpe- og oppfølgingstiltak, t.d. å sette inn støttekontakter.

5.2 Tiltak

5.2.1 Informasjon og haldningstiltak

- Hornindal kommune skal i hovedregelen ikkje stå for servering av alkohol ved kommunal representasjon eller tilskipingar i kommunal regi, men ved heilt spesielle høve kan ordføraren tillate dette.
- Hornindal kommune skal samarbeide med ungdomsgruppa og foreldra deira om haldningsskapande arbeid.
- Gje økonomisk stønad så elevar kan delta på kurs som t.d. "Haldning mot rusgift"
- Prioritere økonomisk og praktisk hjelp til organisasjonar som driv opplysningsverksemd og informasjon om rus lokalt. Organisasjonane må ha eit særskilt ansvar i høve til Hornindal kommune sitt handlingsprogram
- Hornindal kommune oppmodar lag og organisasjonar som får tildelt kulturmidlar eller annan stønad, om å gjere prinsippvedtak om at dei ikkje serverer alkohol på sine arrangement og at dei vil arbeide for rusfri kultur rundt sine aktivitetar.

5.2.2 Alkoholfrie miljøtiltak

- Hornindal kommune må arbeide for å sikre drift av fritidsklubben fordi den vil gje eit tilbod til uorganisert ungdom
- Hornindal kommune støttar alkoholfrie miljøtiltak som ungdomen sjølve eller organisasjonar tek initiativ til under føresetnad av at kommunen sitt handlingsprogram vert følgt

5.2.3 Andre tiltak

- Inntektene frå løyveavgiftene skal nyttast til drift av sals- og skjenkekontrollen og til rusførebyggande tiltak
- Offentlege instansar (politi, skule, kultur, helse- og sosial) må samarbeide om å avdekkje og setje i verk tiltak mot illegal rusbruk
- Hornindal kommune ser positivt på nattuglearbeid når mykje ungdom møtest, og oppfordrar foreldre til å vere meir synlege der ungdom møtest.
- Kommunen må syte for samarbeid mellom ulike faggrupper, og samarbeid med misbrukarar og pårørande for å gje individuell og målretta hjelp og ettervern

5.2.4 Førebygging

Målsetjinga er at kommunen gjennom førebyggjande utviklingsarbeid først og fremst skal vere med på å hindre ei negativ utvikling innan rusfeltet, spesielt med sikte på å møte lokale samfunnsmessige og familieretta utfordringar. Innan gjevne rammer skal Hornindal kommune vere ein aktiv medspelar for å oppretthalde dei positive kulturelle tradisjonane og verdiane i bygda som alternativ til rusbruk som ukultur.

6 LØYVEPOLITIKKEN

Føremålet med løyvepolitikken er å medverke til at alkohol vert omsett på ein lovleg måte i tillegg til å regulere tilgangen.

Alkohollova av 2. juni 1989, med endringar av 16. februar 2007, har som føremål å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadene som alkoholbruk kan føre med seg. Kommunen må ta omsyn til dette når forskriftene for løyvetildeling skal vedtakast.

Forskriftene for reaksjonar vert å nytte aktivt ved overtreding av alkohollova sine reglar og/eller reglar i skatte-/avgifts- og rekneskapslovgevinga.

7 ØKONOMI

Gebyr for sal og skjenking skal etter lovendringa fastsetjast for eitt år om gongen ut frå forventa omsetning.

Gebyra er:	Sal av øl	-	kr. 0,17 pr. vareliter
	Skjenking	-	kr. 0,34 pr. vareliter øl
			kr. 0,94 pr. vareliter vin
			kr. 3,07 pr. vareliter brennevin
Minimumsgebyr:	For salg	-	kr. 1.200,-
	For skjenking	-	kr. 3.500,-

Når året er omme skal ein føreta etterrekning dersom det er avvik mellom forventa omsetning og faktisk omsetning. Ingen av sals- og skjenkestadane i Hornindal skal betale noko ut over minimumsgebyret fordi totalomsetninga av alkoholhaldig drikk er låg.

For ambulerande skjenkeløyve skal ein kreve eit gebyr på kr. 250,- pr. løyve.

For skjenking i einskilde høve skal ein kreve eit gebyr på kr. 2000,- pr. løyve.

Inntektene frå gebyra for sal og skjenking skal nyttast til kontroll, og øyremerkast tiltak for ungdom under 18 år.

8 RULLERING AV PLANEN

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hornindal kommune vert å rullere ved årsskiftet 2012/2013. Rullering av rusmiddelpolitisk handlingsplan, mellom hovedrulleringane, vert delegert til formannskapet (ikkje lovpålegg).

VEDLEGG 1

DEFINISJONAR AV ALKOHOLHALDIG DRIKK

Etter alkoholova er alkoholhaldig drikk definert som fellesnemning for drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol. Likevel gjeld aldersgrensene for sal, kjøp og skjenking av drikk som inneheld mellom 0,7 – 2,5 volumprosent alkohol.

Alkoholova opererer ikkje med ulike nemningar på øl, som t.d. øl i klasse c og d (det som før 1995 var øl i klasse 2). I alkoholova heiter dette ølet ”øl med lavare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent”.

Frå 01.01.1995 er øl delt inn i sju avgiftsgrupper som er slik definert frå Rusmiddeldirektoratet:

Volumprosent (alkoholstyrke)	Klasseinndeling før 1995	Klasseinndeling frå 01.01.1995	Nemning
under 0,7	0	A	Alkoholfritt øl
0,7 – 2,75	1	B	Lettøl
2,75-3,75	2	C	Middels sterkt øl
3,75-4,75	2	D	Middels sterkt øl, rusbrus
4,75-5,75	3	E	Sterkøl
5,75-6,75	3	F	Sterkøl
6,75-7,0	3	G	Sterkøl

Sal av alkoholfritt øl og lettøl treng ikkje løyve.

Vin er definert som: Drikk laga av druesaft ved alkoholgjæring, herunder vin tilsett tilverka alkohol (sterkvin). Likt med vin vert rekna drikk som er laga av frukt, bær, plantesaft eller honning ved alkoholgjæring utan tilsetjing av tilverka alkohol.

Brennevin vert definert som: Drikk som inneheld tilverka alkohol ublanda eller i blanding med andre produkt, og som ikkje er vin. All drikk som inneheld meir enn 22 volumprosent alkohol vert rekna som brennevin.

VEDLEGG 2

SKJENKELØYVEKOMBINASJONAR

Eit skjenkeløyve kan omfatte følgjande kombinasjonar:

1. øl (dvs øl med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent)
2. øl og sterkøl
3. øl og vin
4. øl, sterkøl og vin
5. øl, vin og brennevin
6. øl, sterkøl, vin og brennevin

Dersom det vert gjeve løyve til å skjenke vin eller brennevin, må det gjevast løyve til skjenking av drikk med lågare alkoholinnhald. Kommunen kan differensiere mellom øl og sterkøl, men ikkje mellom vin og heitvin. Dersom ein skjenkestad har løyve til å skjenke øl og vin, kan eit ambulerande løyve som vert tildelt for eit enkelt høve omfatte berre brennevin.

VEDLEGG 3

FORSKRIFTER FOR TILDELING AV SALS- OG SKJENKELØYVE I HORNINDAL KOMMUNE I PERIODEN 2004 – 2008 (jfr. alkoholova §§ 1, 3, 4, 7 og 10)

1. Generelt

Løyveperioden er 4 år og følgjer kommunestyreperioden. For at kvart nytt kommunestyre skal få tid til å ta stilling til og vedta rusmiddelpolitisk handlingsplan og forskrifter for løyveperioden, gjeld løyvet fram til 30.06. året etter at nytt kommunestyre trer i funksjon. Før søknadene vert førebudde av administrasjonen i kommunen, skal uttale frå politiet og sosialtenesta innhentast. Sosialtenesta er i denne samanheng identisk med utvalet for oppvekst og helse. Kommunen kan innhente uttale frå skatte-/avgifts- og rekneskapsstyresmaktene, og frå andre etatar og organisasjonar.

Alle søknader vert vurderte kvar for seg og skjønsmessig med utgangspunkt i alkoholova og dei kommunale forskriftene for løyvetildeling.

Ved tildeling av løyve vert det lagt vekt på om søkjar vert vurdert som eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve. Det vert teke omsyn til evt. tidlegare røymsler med søkjaren si utøving av løyvet, t.d. i form av:

- brot på vilkår som er sett for løyvet
- brot på skjenkereglar og aldersgrenser
- endring av driftskonsept utan godkjenning
- klanderverdige ordensmessige tilhøve ved verksemda
- brot på reklamereglane

2. Sal av øl til forbrukar

- a. Hornindal kommune tillet butikksal av øl mellom 2,5 – 4,76 volumprosent alkohol
- b. Løyvehavar må ha handelsrett etter handelslova av 23. mai 1980
- c. Det er ein føresetnad at utsalsstaden har naudsynt godkjenning.
- d. Salstider for øl kan ikkje overskride følgjande tider:

Kvardagar -	kl. 09.00 – 20.00
Dag før søn.- og helligdag (utanom dagen før Kr. Himmelfartsdag) -	kl. 09.00 – 18.00
Påske-/pinse-/jul- og nyttårsafta -	kl. 09.00 – 15.00

Sal av øl er ikkje tillate på søn- og helgedagar, 1. og 17. mai, på røystedagar for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøystingar vedtekne med lov.

3. Skjenkeløyve

- a. Skjenkeløyve kan ikkje utøvast saman med salsløyve i same lokale
- b. Ut over ambulerande løyve vert brennevinsløyve kun tildelt definerte areal i hotell med:
 - resepsjonsservice
 - som har lokale for servering av alle måltid
- c. Det er ein føresetnad av skjenkestaden er innvilga serveringsløyve og har naudsynt godkjenning.
- d. Skjenkeløyve vert kun tildelt verksemder som hotell, kafe, pensjonat, restaurant o.l. med fullverdig kjøkken og tilbod om servering av varme måltid .
- e. Det kan gjevast kommunalt skjenkeløyve til cruisetrafikk, jfr. § 5-2 i alkoholova
- f. Det vert lagt vekt på eigenskapar ved serveringsstaden som ”standard, miljø og særpreg”. Likeeins utforminga av lokala, interiør, utstyr o.l.
- g. Det vert til vanleg ikkje tildelt skjenkeløyve til stader som er lokalisert i eller ved typiske bustadområde
- h. Det vert lagt vekt på målgruppe, trafikk- og ordensmessige omsyn og lokalmiljøet elles
- i. Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til kafeteria i opne butikklokale (må i tilfelle ha eigen/adskilt inngang)
- j. Det vert ikkje gjeve ordinært skjenkeløyve til verksemd knytt til eller samlokalisert med mosjons- og idrettsaktivitetar
- k. Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til stader som er særleg innretta og/eller marknadsført mot tenåringar og som har desse som målgruppe
- l. Det vert lagt stor vekt på at søkjar kan dokumentere godt vakthald og sosial kontroll med utskjenking i lokalet til ei kvar tid og at det er etablert pålitelege rutiner for handheving av offentlege eller eigne fastsette aldersgrenser.
- m. Skjenkeløyvet gjeld kun for definert, godkjent areal
- n. Det kan verte godkjent skjenkeareal ute, dersom arealet er klart avgrensa og ligg i naturleg tilknytning til skjenkeareal innandørs.

4. Skjenketider for øl, vin og brennevin

- a. Ordinære skjenketider er: Øl og vin mellom kl. 08.00 – 03.00
Brennevin mellom kl. 13.00 – 03.00
- b. Konsum av utskjenka alkohol må opphøre seinast 30 min. etter skjenketida sitt utløp

5. Ambulerande løyve til slutta lag

- a. Hornindal kommune har 3 ambulerande løyve for tildeling ved skjenking til slutta selskap
- b. Ambulerande løyve til slutta lag kan gjelde både øl i klasse c og d, vin og brennevin
- c. Når skjenking til slutta lag skal skje på stader med serveringsløyve, skal både innehavar av serveringsløyvet og initiativtakaren til det slutta laget skrive under på søknaden om det ambulerande skjenkeløyvet
- d. Det må dokumenterast at arrangementet fyller krava til lukka selskap
- e. Namneliste over deltakarane skal leggjast fram av arrangøren dersom skjenkekontrollen eller andre krev det ved besøk/inspeksjon av arrangementet.
- f. Det er ikkje trong for å søkje ambulerande løyve til private selskap i leigde lokale, når utleigar ikkje står for deler av arrangementet.
Private selskap er avgrensa til å gjelde: bryllaup, åremålsdagar, slektstreff og andre jubileum for privatpersonar
- g. Skjenketida for ambulerande løyve vert sett til kl. 02.00.
- h. Ved brot på alkohollova eller andre lover med nær samanheng med alkohollova, misser ein retten til løyve i 1 år.

6. Skjenkeløyve for einskilde høve

Hornindal kommune kan innvilge skjenkeløyve ("alminnelig bevilling" eller "bevilling til sluttet selskap") i einskilde høve til lag og organisasjonar i Hornindal kommune. Same søkjar kan berre få inntil 2 løyver per år.

Før søknaden blir behandla, skal søkjaren betale ei avgift på kr. 500,- til Hornindal kommune. Søknad må vere inne minst 6 veker før arrangement. Skjenketid for einskild høve blir sett til kl. 02.00.

Ved brot på alkohollova eller andre lover i nær samanheng med alkohollova, misser ein retten til løyve i 1 år.

7. Delegasjon

Når det gjeld mynde til å gjere vedtak om innvilging av ordinære skjenkeløyve, ambulerande løyve, utviding av skjenkelokale og inndraging av løyve, viser ein til det kommunale delegasjonsreglementet, vedteke i K-sak 059-2008.

8. Avgifter

Skjenkeavgifta for ambulerande løyve til slutta lag vert fastsett til kr. 250,- pr. gong.

Skjenkeavgifta for skjenking i einskilde høve vert fastsett til kr. 2000,- pr. gong.

Avgiftene for ordinære sals- og skjenkeløyve skal innkrevjast i samsvar med statlege retningsliner. Det vert kravd at løyvehavaren innan fastsett frist leverer oversikt over volum alkoholhaldig drikk som er seld eller skjenka ut foregåande år, med spesifikasjon av liter øl, vin og brennevin.

Dersom ikkje dokumentasjon vert levert, vert avgifta skjønsmessig fastsett. Vert ilagd avgift ikkje betalt innan 3 veker etter påkrav, vert løyvet inndrege inntil betaling skjer. Ny løyvehavar får avgifta fastsett ved skjønn første året.

9. Kontroll

Kontroll med sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skjer i medhald av alkohollova sine forskrifter, samt egne forskrifter for sals- og skjenkestader. Det vert kravd minst 3 kontrollar pr. år. Det er viktig at desse kontrollane vert utført, og skal utførast innanfor skjenkestaden si opningstid.

10. Reaksjonar ved overtreding av alkohollova sine reglar m.m.

Ved overtreding av alkohollova eller andre reglar som har nær samanheng med alkohollova sitt formål, samt skatte-/avgifts- og rekneskapsreglar, skal reaksjonar skje i samsvar med vedtekne kommunale forskrifter basert på alkohollova og forskriftene til den.

VEDLEGG 4

FORSKRIFT FOR KONTROLL MED SALS- OG SKJENKELØYVE I HORNINDAL KOMMUNE

(jfr alkohollova § 1-9)

1. I medhald av alkohollova § 1-9 og forskrift om kommunalt kontrollutval, vert det oppretta utval for sals- og skjenkekontroll for å føre tilsyn med sals- og skjenkeløyve i kommunen. Sals- og skjenkekontrollen har følgjande samansetjing:
1 repr. vald av utval for oppvekst og helse
1 repr. vald av formannskapet
1 repr. vald av kommunestyret

Uvalet vert valt for kommunestyreperioden. Utvalet konstituerer seg sjølv.
2. Hornindal kommune kjøper kontrolltenester utanfrå.
3. Kontrollen vert utført i samsvar med forskrift om kommunale kontrollutval. Det skal vere minimum 3 kontrollar pr. år på kvar løyvestad. Rådmannen får fullmakt til å rekvirere hyppigare kontroll når det er mistanke om at reglane ikkje vert følgde.
4. Sals- og skjenkekontrollen skal særleg føre kontroll med:
 - skjenketid
 - sal og skjenking til mindreårige
 - alder på den som sel og serverer alkohol
 - overskjenking
 - sal og skjenking av andre alkoholvarer enn det løyvet omfattar
 - tilbod om alkoholsvake og alkoholfrie drikkevarer
 - sal og skjenking utanfor godkjent lokale
 - manglande internkontroll og rutinar ved løyvestaden
 - manglande opplæring og kunnskap internt i verksemda
 - reklameverksemd for alkohol
 - at godkjend styrar og avlørsar er dei som har det reelle daglege ansvaret for utøvinga av løyvet.
5. Kontrolløren utarbeider rapport om kontrollbesøka. Seinast 1 veke etter at kontrollbesøket er føreteke, skal rapporten verte send løyvehavar som får frist på 2 veker til å kommentere evt. avvik i rapporten.
6. Ved overtreding av alkohollova m.m. skal sals- og skjenkekontrollutvalet verte samankalla snarast råd. Vedtaket deira med, framlegg til reaksjon går til formannskapet via utvalet for oppvekst og helse som avgir endeleg innstilling til formannskapsvedtak.
7. Sals- og skjenkekontrollen sitt framlegg til sanksjon vert sendt løyvehavar som eit skriftleg varsel om kva som vert tilrådd som reaksjon. Løyvehavar har 2 veker frist til å kome med sine synspunkt
8. Det må gå minimum 14 dagar frå løyvehavar tek imot sals- og skjenkekontrollen sitt varsel til formannskapet kan fatte vedtak om inndraging

9. Sals- og skjenkekontrollen skal lage årsrapport på arbeidet sitt. Årsrapport vert handsama av utval for oppvekst og helse og formannskapet.

VEDLEGG 5

FORSKRIFT FOR REAKSJONAR VED OVERTREDING AV ALKOHOLLOVA SINE REGLAR M.M.

(jfr alkohollova § 1-8)

Forskrifta er utgangspunktet for individuell vurdering i kvar einskild sak. Ved vurdering av sanksjon må det utøvast skjøn.

Type overtreding	Reaksjon ved 1. gongs overtreding	Reaksjon ved 2. gongs overtreding	Ved ambulerande løyve og Einskild høve
Sals- og skjenketid	Løyvet kan verte inndrege for inntil 1 mnd. Sals- og skjenketida er absolutt	Løyvet vert inndrege for minimum 1 mnd.	Løyvet vert inndrege for 1 år.
Sal/skjenking til openbart rusa person	Løyvet kan verte inndrege for inntil 1 mnd. Personen skal vere definert som openbart rusa av kontrolløren	Løyvet vert inndrege for minimum 1 mnd.	Løyvet vert inndrege for 1 år.
Sal/skjenking utanfor løyveområdet	Løyvet kan verte inndrege for inntil 1 mnd. Løyveområdet skal vere definert ved løyvetildeling	Løyvet vert inndrege for minimum 1 mnd.	Løyvet vert inndrege for 1 år.
Sal/skjenking til personar som ikkje fyller lova sine vilkår for kjøp, m.a. alder	Løyvet kan verte inndrege for inntil 3 mndr.	Løyvet vert inndrege for minimum 3 mndr.	Løyvet vert inndrege for 1 år.
Sal/skjenking av brennevin vert føreteke av personar under 20 år som ikkje kjem under unntaksreglane for alder	Løyvet kan verte inndrege for inntil 3 mndr.	Løyvet vert inndrege for inntil 6 mndr.	Løyvet vert inndrege for 1 år.
Sal/skjenking av øl og vin vert føreteke av person under 18 år som ikkje kjem under unntaksreglane for alder	Løyvet kan verte inndrege for inntil 3 mndr.	Løyvet vert inndrege for inntil 6 mndr.	Løyvet vert inndrege for 1 år.
Manglande internkontroll/ rutinar ved sals/skjenkestaden	Årvaring	Vurdering av mellombels inndraging i 1 – 2 mndr.	
Ulovleg reklame	Åtvaring	Vurdering av mellombels inndraging i 1 – 2 mndr.	

Ved tredje gongs overtreding kan løyvet verte inndrege for resten av løyveperioden

Ved ekstra grove overtredingar, kan det verte aktuelt med strengare reaksjonar enn det som går fram av retningslinene.

I tillegg kan løyve verte inndrege dersom løyvehavar ikkje har god vandel i høve skatte- og avgiftslovgjevinga – t.d. manglande innsending av sjølvmelding, mangelfull rekneskapsføring, manglande oppgåver/innsending av meirverdiavgift eller skattetrekk og gjeld på kommunale avgifter til Hornindal kommune.

Løyvet kan verte inndrege om pålagd avgift ikkje vert betalt, eller pålagd rapportering av selt / utskjenka volum alkohol ikkje vert følgd.

Vilkåra for å få tildelt sals- eller skjenkeløyve skal vere oppfylt heile løyveperioden, dersom ikkje kan løyvet verte inndrege.

Inndraging av alkoholløyve er eit drastisk tiltak med ekstra strenge krav til kommunen si sakshandsaming og utøving av skjønn.

Ein viser i denne samanheng til sakshandsamingsreglane som er nemnde i denne forskrifta, i alkohollova og forskriftene til denne, og til reglar i forvaltningslova, særleg reglar om:

- ◆ førehandsvarsling
- ◆ utgreiingsplikt/informasjonsplikt
- ◆ partane sine innsynsrettar
- ◆ grunngevingsplikt for forvaltningsorganet
- ◆ varsling om vedtaket
- ◆ klagerett/klageinstans/klagefrist
- ◆ kven klaga skal stilast til

Jfr Alkohollova §§ 1-8, 1-8a og 10 om inndraging og straff ved overtreding av alkohollova.
Forvaltningslova